



Arkivnr: 2017/4023-7

Saksbehandlar: Tor Harald Rødseth

## Saksframlegg

### Saksgang

| Utval                         | Saknr. | Møtedato   |
|-------------------------------|--------|------------|
| Utval for miljø og samferdsel |        | 06.09.2016 |
| Fylkesutvalet                 |        | 20.09.2017 |

## Søknad frå Taxi/Bus Odda AS om ruteløyve for strekninga Odda - Buer - Strand

### Samandrag

Taxi/Bus Odda har søkt om ruteløyve for strekninga Odda – Buer – Strand. Fylkesrådmannen finn at det vil vere positivt for turistnæringa i Odda og folkehelsa, velferda og mobiliteten for innbyggjarane der, og rår difor til at søknaden vert imøtekomen.

### Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet godkjenner søknad av 05.05.17 frå Taxi/Bus Odda AS om ruteløyve for strekninga Odda – Buer – Strand.
2. Lokaltransport på strekninga skal berre utførast etter godkjenning av Hordaland fylkeskommune ved Skyss.
3. Fylkesutvalet viser til krava til motorteknologi i køyretøyforskrifta, og legg til grunn at det vert nytta materiell som oppfyllar krava i forskrifta eller motorteknologi med lågare utslepp av avgassar.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 18.08.2017****Bakgrunn**

Samferdselsavdelinga har i brev av 05.05.17 motteke søknad frå Taxi/Bus Odda AS (TBO) om ruteløyve for strekninga Odda – Buer - Strand. Fylkesutvalet er ansvarleg for å gjere vedtak i saka.

**Saksopplysningar**

Omsøkte rutetider er dagleg i tidsrommet 07-09 til Buer, med retur i tidsrommet 14-16. Planlagte takstar er kr 100 pr person pr veg for heile strekninga, og kr 50 for delstrekninga Odda – Eide.

I søknaden frå TBO heiter det m.a følgjande:

Dette kan være med på å ta litt av belastningen på Trolltunga og få turistene til å bli i fleire dager. Da vil det også være mulig å regulere tilstrømningen til de forskjellige destinasjoner.

I fråsegn til søknaden i brev av 21.06.17 frå Odda kommune heiter det følgjande:

Odda kommune ser positivt på organisert transport av turistar og trur dette vil avlaste slitasjen på dei kommunale vegane.

Delstrekninga Odda – Eide er tett busett og har difor eit godt busstilbod i regi av Skyss. Dette har ope måndag-fredag i tida 06.30 – 20.15 og laurdag 08.10-15.20. På Eide ligg den campingplassen som er nærmast Odda sentrum.

Delstrekninga Eide – Buer – Strand er utan offentleg rutetilbod. Langs denne er det drygt 20 husstandar, og Frå Buer er det merka turløyper til Øvre og Nedre Buarbreen i Folgefonna nasjonaltpark og Buer landskapsvernområde.

**Fylkesrådmannen si vurdering**

Dersom søknaden vert imøtekomen vil det gje høve til å gå dagsturar med utgangspunkt i Odda til attraktive turmål. Reiselivsnæringa i så fall dermed utvide aktivitetstilbodet sitt til turistar. Dette kan både trekkje fleire turistar til Odda, og avlaste turistmengda på Trolltunga, der det i dag er kapasitetsproblem og jamlege redningsaksjonar.

Lettare atkomst til Folgefonområdet er også positivt for velferda og folkehelsa til innbyggjarane i Odda. Vidare vil innbyggjarane på Buer og Strand kunne få auka mobilitet. Det same gjeld innbyggjarane på strekninga Odda – Eide dersom det vert opna for lokaltransport på den strekninga når ikkje Skyss har ruter der.

Eit kollektivtilbod til Buer tilpassa dagsturar i naturen derfrå kan avlaste parkeringsplassen til Buer og vegen dit. Det kan også ha ein positiv miljøeffekt dersom det overtek reiser som elles ville funne stad med personbil.

Av omsyn til grunnlaget for Skyss sitt rutetilbod mellom Odda og Eide er det viktig at TBO berre utfører lokaltransport på denne lokalstrekninga når Skyss ikkje har ruter der. Som elles bør det setjast miljøkrav til vognene som vert nytta i ruta, men det er no avgrensa kva krav ein kan stille. Dette er nærmare omtalt i fylkesutvalssak PS 142/2017 som blei handsama i møte 23.05.17.

På grunnlag av ovannemnde vurdering rår fylkesrådmannen til at søknaden frå TBO vert imøtekomen på vilkår om avgrensa lokaltransport.